FORSLAG TIL FORSKRIFT OM TAREHAUSTING I SOGN OG FJORDANE

SLUTTRAPPORT FRÅ ARBEIDSGRUPPA

28.04.2016

Innhold

1 INNLEIING 2
1.1 Målet med arbeidet 2
1.2 Arbeidsgruppa sitt mandat 2
1.3 Medlemmane i arbeidsgruppa: 2
2 PROSESS 3
3 HØYRING 3
3.1 Høyringsdokumentet 3
3.2. Oversikt over innkomne merknader 4
3.2.1Generelt 4
3.2.2 Endring av haustefelt 4
3.2.3 Forbodssoner 4
3.2.4 Alle merknader 5
4 ARBEIDSGRUPPA SI ANBEFALING 9
4.1 Presise kart 9
4.2 Endra breidde på haustefelta 10
4.3 Endre nummerering av haustesoner - hausteregime 10
4.4 Stengte område 10
4.4.1 To utspel etter siste arbeidsgruppemøte 11
4.5 Tarehaustingsåret 11
5 VEDLEGG: 11

1 INNLEIING

1.1 Målet med arbeidet

Sogn og Fjordane fylkeskommune har vore leiar av ei arbeidsgruppe som har hatt som mål å utarbeide eit forslag til revidert forskrift om hausting av tare i Sogn og Fjordane. Arbeidet sendast til Fiskeridirektoratet (hovudkontor) som skal utarbeide sjølve forskriftsteksten basert på forslag frå arbeidsgruppa og sett i verk forskrifta. Gjeldande forskrift (*J-190-2011*) varer til 31. august 2016.

1.2 Arbeidsgruppa sitt mandat

Mandatet til gruppa er heimla i *Forskrift om høsting av tang og tare* (FOR 1995-07-13 nr 642) § 5, 1. ledd: «*Fiskeridirektoratet kan fastsette regionale forskrifter om hvor og når det er tillatt å høste tare i den enkelte region. Forskriftsforslag utarbeides av fylkesvise grupper, som ledes av fylkeskommunen.*»

Nasjonal forskrift om hausting av tang og tare er heimla i Havressurslova. I Havressurslova sin formålsparagraf står det: «*Formålet med lova er å sikre ei berekraftig og samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning av dei viltlevande marine ressursane og det tilhøyrande genetiske material og å medverke til å sikre sysselsetjing og busetjing i kystsamfunna».*

Arbeidsgruppa har gjort ei vurdering av kva område som bør være opne for taretråling, og kva område som bør være stengt. I desse vurderingane ligg det omsyn til ulike interessekonfliktar mellom taretråling og potensielle natur- og næringsinteresser.

Utgangspunktet til arbeidsgruppa har vore at tare er ein ressurs som er viktig for marine økosystem og samtidig har stort potensiale for kommersiell utnytting. I dag er det berre ein aktør som utnyttar ressursen, men nye aktørar er på vei inn i næringa. Tareskogane langs kysten av Sogn og Fjordane leverer viktige økosystemtenester, og har svært mange artar knytt til seg. Dei er mellom anna viktige oppvekstområde og beiteområde for fisk, og viktige næringssøk område for sjøfugl. Bærekraftig og samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning skal ta omsyn til både vern og kommersiell utnytting av ressursen.

1.3 Medlemmane i arbeidsgruppa:

- Inger Hilde, Bremanger kommune
- Anders Espeseth, Flora kommune
- Helge Alme/Terje Drengenes, Solund kommune
- Eli Hagen, Fiskeridirektoratet, region Vest
- Vidar Ulriksen, Fiskeridirektoratet Vest
- Ole Damm Kvilhaug, FMC Biopolymer
- Geir Henning Seljeseth/Svein Olav Igland, Sogn og Fjordane Fiskarlag
- Elisabeth Aune, Sogn og Fjordane Fylkeskommune
- Terje Halsteinsen, Fiskeridirektoratet (observatør)
- Henning Steen, Havforskningsinstituttet (observatør)
- Trekte seg frå gruppa før arbeidet var sluttført: Tore Larsen, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

2 PROSESS

Sogn og Fjordane inviterte kystkommunane, Fiskeridirektoratet, Fylkesmannen og næringa til eit møte 11.12.2014 med orientering om start av arbeidet med å utarbeide ny forskrift. Etter dette vart det 04.05.2015 sendt brev med orientering om at arbeidet var starta opp, og relevante kommunar, etatar, naturvernorganisasjonar og andre som kunne ha interesse av arbeidet, vart invitert til å kome med innspel. Orientering om dette vart òg lagt ut på fylkeskommunen sine nettsider. Frist for å komme med innspel vart sett til 15. august 2015.

Det kom inn 5 innspel. Desse vart send til medlemmane i arbeidsgruppa i forkant av første arbeidsmøte, og var med på å danne grunnlaget for diskusjonane. Det vart innhenta fagekspertise når gruppa trong det. Gruppa har bygd si anbefaling på kjend og oppdatert fagkunnskap. Fylkesmannen, FMC, HI og Fiskeridirektoratet har halde faglege innlegg på møta. Arbeidsgruppa har hatt fire møter før eit høyringsdokument vart sendt på høyring 16. mars 2016, og eitt etter høyringsfristen.

3 HØYRING

3.1 Høyringsdokumentet

Høringsdokumentet inneheldt forslag om ny inndeling av haustefelt, hausteregime og endring av forbodssoner innafor opne haustefelt. Arbeidsgruppa var ikkje samla om kva for område som skal vere stengt for tråling i ny forskrift, og sa i høyringsdokumentet at høyringsinnspela ville bli lagt til grunn for utarbeiding av forslag til Fiskeridirektoratet. Fylkesmannen og kommunane Flora, Bremanger og Vågsøy støtta ikkje framlegget til redusering av områda der det ikkje skal vere lov å tråle.

Ny inndeling av haustefelt

Papirkartet som i dag er vedlegg til forskrifta må erstattast av digitale kart som kan lastast ned på kartmaskiner som er typisk brukt i båt. Karta må ha link til verneforskrifter og Lovdata, og karta må vise kor det faktisk er lov å hauste tare; ned til 20 meter djupne.

Sogn og Fjordane fylke er delt inn i 80 haustefelt, der alle har ei lik bredde på 1 nautisk mil, etter heile breiddeminutt, med unnatak av 4 felt. Dokumentet foreslo endring av trålefelt sør for Stavfjorden og ei endring av to felt i Selje kommune (Indre og Ytre Fure). Dei andre felta er ikkje endra frå gjeldande forskrift.

Hausteregime

Hausteregimet styres av bokstavkoder A-E. I vårt forslag har vi forsøkt å ta omsyn til at nabofelt ikkje haustast påfølgande år. Felta haustast etter alfabetet, men felta er gitt følgjande bokstavrekke frå sør til nord; A, C, E, B, D, slik det er vist i vedlegg 1 og meir detaljert på http://www.fylkesatlas.no/taretraaling. E-felta i gjeldande forskrift er opne frå 1.9.2015 til 31.8.2016.

Forbodssoner innafor opne felt

Forbodet mot tråling er fastsett i forskrift. I dag står forbodet mot tråling i verneområder både i regionale hausteforskrifter og i verneforskrifter. Å heimle tråleforbod dobbelt er ikkje naudsynt. Den som hauster tare har ansvar for å halde seg oppdatert på verneforskriftene. Vi anbefaler ein «link» i digitale kart til verneforskriftene slik at utøvarane til ei kvar tid kan halde seg oppdatert.

I gjeldande forskrift er det 9 område, innanfor opne felt, der taretråling ikkje er tillate; Storesvalane, Håsteinsgrunnen, Storøyna i Moldvær naturreservat, Værholmane, Sverslingane nord, Aralden, Veststeinen, Klovningen og Stallbrekka. I tillegg er det i gjeldande hausteplan innskrenka hausteforbod i fleire sjøfuglreservat (fuglefredingsområde) i perioden 1. april til 31. juli eller 1. januar til 31. juli.

Andre områder som er stengt for tråling (forbodssoner eller referanseområde) skal gå fram av forskrift/ hausteplan, og visast i digitalt kart. Arbeidsgruppa var ikkje samla om kva for område som skal vere stengt for tråling i ny forskrift, og sa i høyringsdokumentet at høyringsinnspela ville bli lagt til grunn for utarbeiding av forslag til Fiskeridirektoratet.

I høyringsdokumentet har vi skissert 5 område som skal vere stengt for tråling Klovningen, Håsteingrunnen, Sveslingane, Storesvalene og Bremangerpollen (med ny grense).

3.2. Oversikt over innkomne merknader

3.2.1Generelt

Kritikk for å ikkje ta tilstrekkeleg omsyn til påverknader på det totale økosystemet, og at hausteintervalla burde vore auka frå 5 år til 8-10 år.

Etterlysing av meir kunnskap; Havforskningsinstituttet oppmodar om å skaffe til vege ein best mulig oversikt over biomassen av stortare i fylket.

Sogn og Fjordane fiskarlag meiner at det burde det vore gjennomført eit forskingsprosjekt for å sjå på innverknader av hausting av tare på oppvekst, fiskebestand og auke i fangstmengd for eit nærfiske i Bremangerpollen.

3.2.2 Endring av haustefelt

Endring av haustefelt til ei bredde på ei nautisk mil for heile fylket, var det ingen negative kommentarar til. Havforskningsinstituttet er kritiske til at det i første hausteperiode ikkje vil bli ein haustesyklus på 5 år for alle felta. Fordi vi har gitt ein del av felta nye bokstavkoder, vil det i løpet av den første 5-års syklusen vere at nokre felt blir hausta før det har gått 5 år, mens andre får ein lengre kviletid.

3.2.3 Forbodssoner

Omsyn til fugl

I høyringsdokumentet vart det foreslått å ta ut 5 av dei ni områda som i gjeldande forskrift er stengt for tråling på grunn av omsyn til fugl (dette er områder som ikkje er underlagt vern etter naturvernlova). Dei 4 områda som var skissert vidareført; Klovningen (Vågsøy), Sverslingane (Flora), Håsteingrunnen (Askvoll) og Storesvalane (Solund). Dette har skapt reaksjonar hjå Fylkesmannen, Flora kommune og Vågsøy kommune.

Flora kommune argumenterer for at området utanfor Aralden naturreservat også må vidareførast fordi det er eit viktig hekkeområde for teist; og grunngjer dette i saksframlegget med at teist er ein art som er følsam for taretråling.

Fylkesmannen meiner alle ni fugleområda må vidareførast. Fordi bakgrunnen for at verneforskriftene vart endra (kgl ress i 2005), og at det vart opna for tråling i naturreservat deler av året, var at desse områda utan vern etter naturvernlova vart stengt for tråling med heimel i tareforskrifta. I tillegg til

dei 4 som er nemnd i høyringsdokumentet er dette; Stallbrekka (Vågsøy), Veststeinen (Bremanger), Værholmane i Kvalstein naturreservat (Flora), Aralden (Flora) og Storøyna i Moldvær naturreservat (Askvoll).

Bremangerpollen
I høyringsdokumentet vart det foreslått å innskrenke forbodssona i Bremangerpollen ved å opne for tråling i Rylandspollen, og forskriftsfeste forbodet utafor Grotle gamle gravplass.

Havforskningsinstituttet meiner Bremangerpollen inkludert Rylandspollen er godt egna som referanseområde, og at grensa bør vere som i dag. Om ein opnar for tråling i deler av dette området må det gjerast granskingar i forkant og etter tråling for å dokumentere eventuelle effektar.

Bremanger kommune vil utvide området som er stengt for tråling; ut til ei line frå Olderveggen til Mulen (Frøya) i vest og avgrensa av Oldersundbrua i sør.

Sogn og Fjordane fiskarlag går også imot at det blir auke i haustingsfelta i Bremanger kommune ved at Rylandspollen er foreslått å bli opna for taretråling, utan noko fagleg grunngjeving. I tillegg meiner fiskarlaget at det må settast eit forbod mot taretråling i alle gyteområder i mars månad.

3.2.4 Alle merknader

nr	Organisasjon	Merknad	Tema	Arbeidsgruppa si vurdering
1	Kystverket Vest	Viser til registrerte ankringsområde i og nært opp til områder det kan trålast tare i: vest og sør for Florø og i Vilnesfjorden. Ankring i desse områda vil skje sporadisk. I dei fleste tilfella i forbindelse med uværs periodar og over kortare tidsrom. I tillegg finnes ei rekke kablar, både tele og el-kablar, røyr og leidningar som ligg i traséear på sjøbotn. Dette er forhold som må iakttas ved tråling etter tare slik at ein unngår skade på desse. Kabel og røyrtraséeane er innteikna i sjøkart og det er også sett opp skilt på land som gjer merksam på dette.	Generelt/forbod mot hausting	Næringa må forholde seg til kartfesta ankringsområder, og restriksjonar knytt til desse, samt alle kartfesta kablar og røyrtrasear.
2	Havforskningsinstituttet	Ny inndeling av høstefelt (bl. a i Gulen, Solund, Askvoll, Flora og Selje kommuner) med justerte feltgrenser og bokstavkoder (som definerer åpningsperioden for feltene) vil kunne medføre at den tidligere høstesyklusen på omdefinerte felt, eller deler av disse, vil komme i utakt med høstesyklusen som blir gjeldende for de nye feltene. I de tilfeller der bokstavkoden endres anbefaler Havforskningsinstituttet at de arealer som har vært åpne for	Endring av haustefelt	Vi anbefaler spesiell overvaking i dei områda det blir største endringar; sør for Stavfjorden

		høsting i løpet av de siste 4 årene før førstegangshøsting av de omdefinerte feltene, ikke åpnes for tarehøsting før i andre høsterunde.		
		Indre deler av Bremangerpollen (inklusive Rylandspollen) kan være aktuelt som referanseområde både i overvåkingssammenheng, og for framtidige forskningsprosjekt. Havforskningsinstituttet vil derfor anbefale at man opprettholder forbudet mot tarehøsting innenfor eksisterende grenser i indre deler av Bremangerpollen, inklusive Rylandspollen. Dersom man allikevel skulle velge å åpne deler av området for tarehøsting (jfr. Fig. 5 i høringsdokumentet), bør det gjennomføres før og etter undersøkelser for å dokumentere eventuelle effekter av høsteaktiviteten.	Forbodssoner	Arbeidsgruppa er delt i synet på grensa i Bremangerpollen.
		Havforskningsinstituttet vil også anbefale Sogn og Fjordane fylkeskommune om å arbeide for å få en best mulig oversikt over biomassen av stortare i fylket. En god oversikt over de totale tareressursene vil gi langt større sikkerhet for at taren høstes bærekraftig, og kunne åpne opp for effektive høstingsstrategier i fremtiden.	generelt	Arbeidsgruppa etterlyser ei meir offentleggjering av data som samlast inn av Fiskeridirektoratet, slik at desse kan gjerast tilgjengeleg for forsking og forvaltning.
3	Sogn og Fjordane Fiskarlag	Forskrifta må i sterkare grad prioritere opp økosystemet i sjø under havoverflata. Deler av Bremangerpollen burde avsetjast utan tarehausting til forsking, for å kunne dokumentere at hausting ikkje har innverknad på oppvekst, fiskbestand og auke i fangstmengde for eit næringsfiske. Sogn og Fjordane Fiskarlag går imot at det blir auke i haustingsfelta i Bremanger kommune ved at Rylandspollen er foreslått å bli opna for taretråling, utan noko fagleg grunngjeving. Forskrifta må ta omsyn til at det ikkje skal gje løyve til taretråling i gyteperioden på registrerte gyteområde som til dømes Bremangerpollen.	Forbodssoner -og generelt	Vi stør innspel om kunnskapsinnhenting Arbeidsgruppa er delt i synet på grensa i Bremangerpollen. Vi stør forbod mot tråling i mars månad for å unngå tråling i gyteperioden
4	Bremanger kommune	Bremanger kommune ønskjer ikkje å redusere dagens vernesone for taretråling i Bremanger kommune, men derimot ei utviding av dagens	Forbodssoner	Arbeidsgruppa er delt i synet på grensa i Bremangerpollen.

		vernesone til å gjelde innanfor ei line frå Olderveggen til Mulen (Frøya) i vest og avgrensa av Oldersundbrua i sør. Krev totalforbod mot taretråling i sjøfuglreservatet i Frøyskjera.		
		Bremanger Formannskap 18.06.2015: Eksisterande forbodssone i Bremangerpollen bør utvidast vestover til og med Grotle (Vissholmen), for å verne mot erosjon og andre uheldige effektar av taretrålinga».	*Forbodssoner*	*Innspel til oppstartsmeldinga*
		Vi støttar framlegget om endring av haustefelt for forenkling av kart og hausting	Endring av haustefelt	
5	FMC	forslag til ny inndeling av haustefelt i Sogn og Fjordane er fornuftig, og vil være en forbetring både for næringen og forvaltninga. Den nye inndelingen vil i en overgangsperiode medføre endret haustesyklus i enkelte områder. I noen områder blir det lengre høstesyklus, i andre områder kortere. Dersom den nye feltinndelinga skulle medføre problemer med råvaretilførselen for industrien, så bør det i en avgrenset periode kunne åpnes for "overgangsordninger".	Endring av haustefelt	Vi anbefaler spesiell overvaking i dei områda det blir største endringar; sør for Stavfjorden
		FMC støtter foreslåtte referanseområder/forbudssoner slik det fremgår av høringsdokumentet. FMC støtter også justert grense i Bremangerpollen, samt at det opprettes et referanseområde utenfor Grotle.	Forbodssoner	Arbeidsgruppa er delt i synet på grensa i Bremangerpollen, og endring i dei andre stengte områda
6	Selje senterparti	Ei fornuftig endring å ikkje hauste to nærliggande områder same år.	Endring av haustefelt	
		Ein annan ting som og med fordel kan endrast er haustingsåret. Det er ein fordel i høve til ålmenta si oppfatning av haustinga at hausteåret føl kalenderåret.	Hausteregime	Vi foreslår at dette vurderes ved neste revisjon
		Forsking viser at det går 8-10 år før desse mikroorganismane er tilbake i tilstrekkeleg mengde. Område der taren vert fjerna kvart 4./5. år fungerer såleis ikkje som oppvekstområde for fisk og skaldyr. Selje SP er derfor uroa over både fisk og skalldyr i området. Når ein også ser kva tare som kjem inn på strendene på sørsida av Stadhalvøya (Drage-Fure), er det grunn til bekymring. Tilstanden i fjøra og den forvitringa av strandsona som har skjedd der er slik at vi fryktar dette har ein klar samanheng med den taretrålinga som føregår utanfor desse	Forbodssoner	Hausteintervall vert ikkje vurdert av arbeidsgruppa. Vi legg til grunn at Havforskningsinstituttet har gjeve Fiskeridirektoratet eit råd om 5 års haustesyklus.

		områda. Selje SP rår derfor til å bandlegge områda rundt Drage-Fure for taretråling i nokre år framover		
7	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	I staden for å diskutere i kva område det er sannsynlig at ressursen og økosystemet i området kan tåle den belastninga tarehausting inneber, har arbeidsgruppa heller tatt utgangspunkt i at tarehausting skal kunne skje overalt der anna lovverk ikkje er til hinder for det, og vurdert om det i det heile er aktuelt å skjerme enkelte område for taretråling.	Generelt	Utgangspunktet til arbeidsgruppa har vore at tare er ein ressurs som er viktig for marine økosystem og samtidig har stort potensiale for kommersiell utnytting
		Ingen merknader til ei inndeling av haustefelt til 1 nm, som truleg kan vere positiv for havmiljøet. I den nye inndelinga av haustefelt blir området rundt Ryggsteinen fordelt på to ulike haustingsår, slik at ein unngår å tråle heile nærområdet på ein gang. Men det blir berre to år mellom hausting av dei to felta,	Ending av haustefelt	Vi anbefaler spesiell overvaking i dei områda det blir største endringar; sør for Stavfjorden
		Når det gjeld dei ni sjøfuglområda, meiner vi at forbodet mot tarehausting i utgangspunktet må vidareførast som no, men kan akseptere at sektoren rundt Værholmane i Kvalsteinane naturreservat blir sletta	Forbodssoner	Området rundt Værholmane er fastsett i naturvernforskrifta, tatt inn ved kgl.ress i 2005
		såkalla referanseområde er etter vårt syn ikkje eigna til å sikre miljøverdiar på lang sikt. Områda må ha varig forbod mot taretråling slik §5 i nasjonal forskrift om hausting av tang og tare opnar for.	Forbodssoner	
		Bremangerpollen/området ved Grotle gamle kyrkjegard må det setjast igjen langt meir tareskog mot vest enn dei drygt 100 metrane som ligg inne i framlegget.	Forbodssoner	Eventuell utviding av forbodsområde takast opp ved neste revisjon.
		Det er positivt at arbeidsgruppa i framlegget har forsøkt å unngå å hauste nabofelt i påfølgande år, men på grunn av den korte omløpstida på fem år mellom haust Fylkesmannen føreslår at dagens praksis med fem års hausteintervall blir fasa ut og erstatta av minst åtte, men gjerne	Hausteregime	Hausteintervall vert ikkje vurdert av arbeidsgruppa. Vi legg til grunn at Havforskningsinstituttet har gjeve Fiskeridirektoratet eit råd om 5 års haustesyklus.

		ti års hausteintervall		
8	Fiskeridirektoratet region Vest	Viser til Hordaland sin sluttrapport: Presise kart, Endra breidde på haustefelta og endra nummerering av haustefelta		Vi overlet til Fiskeridirektoratet å samordne nummereringa
9	Naturvernforbundet, Forum for natur og friluftsliv, Norsk Ornitologisk Foreining, Norges Jeger- og Fiskerforbund og Sogndal Dykkarklubb	sett til sides§ 1 i havressurslovas, som har eit todelt føremål: å sikre ei berekraftig forvaltning og … og å sikre sysselsetting og busetting i kystsamfunn	Generelt	Utgangspunktet til arbeidsgruppa har vore at tare er ein ressurs som er viktig for marine økosystem og samtidig har stort potensiale for kommersiell utnytting
		1. Å vidareføre alle dei eksisterande områda med forbod mot taretråling, som klare forbodsområde. 2. Å gjere trålingssyklusen om frå femårig til tiårig, eventuelt ta annakvar stripe på fem nautiske mil ut av føresegna. Då vil kanskje store nok areal kunne kompensere for det tapet av livsgrunnlags om hausting kvart femte år inneber.	Forbodssoner Hausteregime	Hausteintervall vert ikkje vurdert av arbeidsgruppa. Vi legg til grunn at Havforskningsinstituttet har gjeve Fiskeridirektoratet eit råd om 5 års haustesyklus.
10	Flora kommune	Flora kommune tilrår og ber om at sjøfuglreservat Aralden forblir stengt for taretråling i ny forskrift for taretråling for Sogn og Fjordane.	Forbodssoner	
		Flora kommune ber Fiskeridirektoratet ha særleg fokus på konsekvensar for oppvekstthøve for fisk, og der kunnskapsgrunnlaget er mangelfult nytte "føre var prinsippet" ved endeleg utforming av ny forskrift	generelt	
		Fiskeridirektoratet må legge til grunn ein reetableringsperiode på 8-10 år for tareskog, ikkje 5 år som i dag for å sikre berekraftig forvaltning av tare og biologisk mangfald i havet.		
		Så lenge taretrålingområdet er innanfor EUs vanndirektiv sine geografiske grenser (1nm frå grunnlinjen)må økologiske parameter frå direktivet være grunnlaget for uttak. «Taretråling skal tas med i tilstandsvurderingen i de tilfeller den kan sees på som en vesentlig påvirkning.»		
11	Vågsøy kommune	Formannskapet ber om at området ved Stallbrekka også i ny forskrift vert stengt for tråling.	Forbodssoner	

4 ARBEIDSGRUPPA SI ANBEFALING

4.1 Presise kart

Arbeidsgruppa er einige om at det er viktig å få på plass presise digitale kartløysingar, og at karta i forskriftene blir betra, digitaliserte og meir einsarta på tvers av fylke. Karta må kunne lastast ned til

brukarane og brukast i eigna navigasjonsverktøy ombord i fartøy. Dette vil gjere karta meir presise for dei som skal tråle og unngå konflikt og misforståingar. Næringa har etterspurt dette i lang tid.

Gruppa ønskjer lenke til aktuelle verneforskrifter inn i karta. Og når ein har framme kartlaget med haustesoner i Fiskeridirektoratet sitt kart, må ein kunne slå på kartlag som syner verna område frå Miljødirektoratet sine kart. Det må òg komme fram i kartet kva for felt som er opne for taretråling til ei kvar tid, og djupnemarkeringar som viser kor det faktisk kan trålast (ned til 20 meter)

Stengte område som ikkje er verna i andre forskrifter må synast i kartlaget med haustesoner.

4.2 Endra breidde på haustefelta

Arbeidsgruppa går inn for å dele inn Sogn og Fjordane fylke i 80 haustefelt, der alle har ei lik bredde på 1 nautisk mil, etter heile breiddeminutt, med unnatak av 4 felt.

Vi har arbeidd fram eit forslag om endring av trålefelt sør for Stavfjorden, og ei endring av to felt i Selje kommune (Indre og Ytre Fure). Dei andre felta er ikkje endra frå gjeldande forskrift.

Ved å endre haustefelt kan ein risikere at det på enkelte områder blir hausta oftare enn kvart femte år i i løpet av den første 5 års syklusen.

Vi anbefaler spesiell overvaking i dei områda det blir største endringar; sør for Stavfjorden.

4.3 Endre nummerering av haustesoner - hausteregime

Nummerering av haustesonene har vi ikkje tatt stilling til, men er opptatt av endring av bokstavar på felta slik at ein unngår å hauste nabofelt påfølgande sesong.

Endra haustesoner inneber og endring av bokstavar på felta (kor tid felta er opne). Vi anbefaler at haustefelta vert organisert slik at nabofelt ikkje vert hausta påfølgande sesong, og har skissert bokstavsetting av felta frå sør til nord A, C, E, B, D, slik det går fram av vedlegg 1.
Hausteplanen i Sogn og Fjordane, og vert som følgjer:
Forslag til § 2, Åpne felt:

Felt	Frå dato	Til dato
A	1. september 2016	31. august 2017
B	1. september 2017	31. august 2018
C	1. september 2018	31. august 2019
D	1. september 2019	31. august 2020
E	1. september 2020	31. august 2021

Dei sørlegaste felta, dagens 142 B og 143 D, går over fylkesgrensa mot Hordaland. Arbeidsgruppa foreslår at grensa på haustefelta følgjer heile breiddeminutt, heller enn å følgje fylkesgrensene, for å unngå at det vert misforståingar.

4.4 Stengte område

Forbodet mot tråling er fastsett i forskrift. I dag står forbodet mot tråling i verneområder både i regionale hausteforskrifter og i verneforskrifter. Å heimle tråleforbod dobbelt er ikkje naudsynt. Den

som hauster tare har ansvar for å halde seg oppdatert på verneforskriftene. Vi anbefaler ei «link» i digitale kart til verneforskriftane slik at utøvarane til ei kvar tid kan halde seg oppdatert.

Andre områder som er stengt for tråling (forbodssoner eller referanseområde) skal gå fram av forskrift/ hausteplan, og visast i digitalt kart. Arbeidsgruppa klarte ikkje einast om kva for område som skal vere stengt for tråling i ny forskrift.

I gjeldande forskrift er det 9 fugleområde, innanfor opne felt, utan vern i naturvernforskrift der taretråling ikkje er tillate. I tillegg er indre del av Bremangerpollen stengt for tråling.

Arbeidsgruppa var einige om å vidareføre trålforbodet ved Klovningen, Håsteinsgrunnen og Storesvalene. I høyringsdokumentet vart to områder til tatt inn; og det var skissert 5 område med tråleforbod; Klovningen, Håsteingrunnen, Sveslingane, Storesvalene og Bremangerpollen (med ny grense).

Arbeidsgruppa gjekk igjennom alle høyringsuttalane, men klarte ikkje å einast om kva for område som skulle vidaregørast som stengte område i ny forskrift til hausting av tare i Sogn og Fjordane.

Arbeidsgruppa vart einige om å ta det avmerka området utafor Grotle gamle kyrkjegard inn i forskrifta, mens det var ulike syn på om dette skulle kompenserast på sørsida av Bremangerpollen. Arbeidsgruppa vart og samde om at i dei periodane det er opna for tråling av tare i Bremangerpollen skal det vere forbod mot tråling i mars månad av omsyn til torskefisket.

4.4.1 To utspel etter siste arbeidsgruppemøte

Fiskeridirektoratet region vest vil etter høyringsrunden foreslå at Rylandspollen forblir stengt for taretråling, mens grensa over Bremangerpollen blir flytta austover på sørsida av pollen til Løvikskjeret i samsvar med høyringsutkastet.

Fylkeskommunen sitt forslag til Fiskeridirektoratet:
Vidareføre dei 9 stengte fugleområda i ny forskrift, med føresetnad av oppdatering av fugleteljingar i desse områda i løpet av dei neste 5 åra.

Bremanger; oppretthalde den eksisterande grensa i Bremangerpollen, med føresetnad av at det settast i gang forskingsprosjekt i området for å sjå på innverknader av hausting av tare på oppvekst, fiskebestand og auke i fangstmengde for eit nærfiske i Bremangerpollen.

4.5 Tarehaustingsåret

Det har kome forslag om å endre haustingsåret til å følgje kalenderåret. Bakgrunnen for forslaget er at det er lettare for publikum å forholde seg til. Fiskeridirektoratet har motteke spørsmål om kvifor det vert tråla i same feltet i to påfølgjande år.

Arbeidsgruppa var samstemte i at tarehausteåret ikkje skal endrast i ny forskrift, men at dette kan vurderast ved neste revisjon av forskrifta.

5 VEDLEGG:

1. Kart som syner haustesoner
2. Kartskisser som viser alternative grenser for tråleforbod i Bremangerpollen
3. Høyringsuttaler frå

- Kystverket Vest
- Havforskningsinstituttet
- Fiskarlaget Sogn og Fjordane
- Bremanger kommune
- FMC
- Selje senterparti
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Fiskeridirektoratet region Vest
- Naturvernforbundet, Forum for natur og friluftsliv, Norsk Ornitologisk Foreining, Norges Jeger- og Fiskerforbund og Sogndal Dykkarklubb
- Flora kommune
- Vågsøy kommune

Forslag til ny inndeling av haustefelt: